

## Saksprotokoll i Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland - 28.11.2017

### Vedtak

1. Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland er uroa over dei mange alvorlege trafikkulukkene på vegane i Hordaland, og meiner Utrykningspolitiet (UP) er eit viktig særorgan som må oppretthaldast for i best mogleg grad kunne vere med å hindre alvorlege trafikkulukker.
2. Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland ber Justis- og beredskapsdepartementet om ikkje å ta forslaget i NOU 2017:11 *Bedre bistand. Bedre beredskap. Fremtidig organisering av politiets særorganer* om å leggje ned Utrykningspolitiet (UP) til følgje.

FTU grunngjев dette med, mellom anna:

- UP gjer ein viktig og god jobb i våre distrikt. Hordaland har historisk sett ofte låge på ulukkestopen, og ikkje greidd å halde følgje med nasjonal utvikling i reduksjon av tal drepne og hardt skadde. Vi treng dei effektive verkemidla som finst for å halde fram arbeidet mot nullvisjonen.
- UP sikrar at kontrollar skjer, særleg på utsette strekningar som E39 i Sunnhordland og Nordhordland, samt på E16 mellom Bergen og Voss.
- Utvalet peikar sjølv på at «Utrykningspolitiet (UP) er en effektiv og fleksibel organisasjon som oppnår gode resultater innen trafikksikkerhet.» og at trafikktryggleik framleis er viktig.
- Noreg har sterke resultat i trafikksikringsarbeidet, og UP har ei sentral rolle i dette. Undersøkingar og forsking syner at kontrollverksemda til politiet speler ei avgjerande rolle i både å avdekke og avskrekke kriminalitet langs vegane våre.
- Mykje tyder på at vi treng eit dedikert Utrykningspoliti i trafikksikringsarbeidet. Overføring av desse tenestene til politidistrikta vil føre til at trafikksikring får lågare prioritet i ein allereie hektisk politikvardag.
- UP har ein spisskompetanse som kjem politidistrikta til gode ved at tilsette hospiterer i UP og opparbeider seg viktig erfaring og kunnskap som dei har med seg attende til politidistriktet.
- TØI har dokumentert at trafikkontroll i tråd med UP sitt arbeid, er samfunnsøkonomisk lønsamt. Etter FTU sitt skjøn må difor kontrollverksemde vektast tyngre for å nå ambisiøse mål i NTP, og ikkje prioriterast ned.
- Oppretthaldning av UP har støtte i Norges Politilederlag og Politiets fellesforbund.